

Meland kommune  
Postboks 79  
5906 FrekhaugUnntatt offentlighet - Offl § 13 jmf Fvl § 13  
første ledd

## Tildeling av tilskot til utleigebustader ved kjøp av bustad

Vedtaket gjeld: Mjåtveittunet i Meland kommune, med gnr: 22, bnr: 246, leilighetsnr: 246.

### Husbankens vedtak

Husbanken har vedteke at Meland kommune får eit tilskot på

**kr 791 000,-**

Tilskotet skal finansiere deler av kostnadane ved kjøp av 1 bustad til vanskelegstilte på bustadmarknaden.

Beløpet som er innvilga utgjer 24,3 prosent av godkjente prosjektkostnadar, som ifølgje søknaden er kr 3 250 000. Husbanken kan ikkje auke tilskotet sjølv om prosjektkostnadane blir større enn oppgjeve. Tilskotet kan bli redusert forholdsmessig dersom kostnadane blir lågare enn det som er oppgjeve i søknaden.

### Fordeling av tilskotsmiddel

Tilskotsmidla blir fordelt utfrå prioriteringar gitt av Kommunal- og moderniseringsdepartementet (KMD). Departementet har i Tildelingsbrevet for 2017 eit mål om at tilskot til utleigebustader skal delfinansiere minst 1560 bustader. For å nå målet må Husbanken redusere gjennomsnittleg tilskotsbeløp per bustad. Dette gjer vi gjennom å endre målsett avkasting i berekningsmodellen vår. Vi vil i år berekne tilskot utfrå 7 prosent målsett avkasting på totalkapitalen i prosjektet, mot 7,3 prosent i 2016. Dette vil gjelde alle søknader som vi behandlar i 2017.

Sjå ny utrekning vedlagt.

### De må akseptere vilkåra for tilskotet

For å få tilskotet, må de akseptere vilkåra for tildeling ved å signere eit eksemplar av dette vedtaket. De aksepterer vilkåra ved å signere og returnere **alle** sidene i dette vedtaket.

De skal sende oss vedtaket med signert aksept av vilkåra, **innan fire veker** frå den datoen de tok imot dette brevet. Retten til tilskotet fell bort, utan ytterlegare varsel, dersom de ikkje overheld fristen.

Ved generell dialog med Husbanken, kan du bruke [post@husbanken.no](mailto:post@husbanken.no). Søknad om utbetaling sender du til returadressa som står øvst i brevet. Merk all post med referansenummeret til saka.

Vi råder dykk frå å sende opplysningar med teieplikt eller konfidensielle personopplysningar per e-post. De kan returnere signert aksept av vilkår i Altinn.

### Sentrale vilkår for tilskotet

Tilskotet skal inngå i finansiering av prosjektet, og bustaden skal brukast til utleigebustadar for vanskelegstilte på bustadmarknaden i minst 20 år frå utbetaling av tilskotet. Tilskotet blir avskrive med fem prosent for kvart fullførte år etter utbetalingsdatoen.

- **Endringar i prosjektet**  
Eit vilkår for tilskotet er at de gjennomfører prosjektet slik det er beskrive i søknaden. Husbanden skal godkjenne eventuelle endringar i prosjektet. De må innhente skriftleg godkjenning frå Husbanden ved endringar i prosjektet sitt innhald og/eller framdrift.
- **Leigekontraktar ved tildeling**  
Eit vilkår for tilskotet er at de har leigekontraktar med tre års varigheit med bebuarane, med tre månadars gjensidig oppseiingstid. Husbanden skal godkjenne bruk av kortare avtalar.
- **Krav til å følgje offentleg lovverk**  
Husbanden har òg som vilkår at de følgjer forvaltningslova sine regler om enkeltvedtak ved tildeling, avslag og forlenging av leige av bustaden. De må òg følge regelverket for avtale om kjøp og sal i staten.
- **Oppfølging og kontroll**  
Husbanden kan kontrollere at tilskotet blir brukt slik det er beskrive i søknaden og slik Husbanden har føresett. Vi skal ha innsynsrett i alle opplysningar som blir brukt i samband med tildeling, utbetaling og rapportering. Dette gjeld òg for kontraktar og fakturaar knytt til tiltaka som tilskotet gjeld for. Husbanden kan òg koma på synfaring.

Kommunen skal rapportere på alle bustader som har motteke tilskot.

De skal varsle Husbanden dersom eigedomen blir skadd slik at verdien blir sterkt redusert, eller bustaden ikkje kan brukast til det føremålet som ble beskrive i søknaden.

### **Tilskotet kan bli oppheva eller krevd betalt attende**

Dersom de ikkje følgjer krava for tildelinga, miste de retten til tilskotet. Husbanden vil då krevje at de betalar tilskotet attende. Dette gjeld blant anna dersom de ikkje har oppfylt vilkåra i dette brevet, eller dersom de ikkje gjennomfører prosjektet slik de har beskrive i søknaden.

Dersom bustadane blir selt eller ikkje blir nytta til vanskelegstilte på bustadmarknaden, krev Husbanden tilskotet attende. Det same gjeld dersom vi har sterk mistanke om lovbrøt som gjer at heile eller deler av tilskotet ikkje går til føremålet.

De kan òg miste retten til tilskotet dersom de har gitt oss ukorrekte eller ufullstendige opplysningar, som de burde ha forstått kunne ha ei betydning for saka.

Vi kan òg halde tilskotet tilbake dersom vi har en sterk mistanke om slik feilinformasjon, eller slike lovbrøt.

### **Når blir tilskotet utbetalt?**

Tilskotet blir utbetalt når de har stadfesta at vilkåra for tilskotet er oppfylt, og prosjektet er ferdigstilt **og teken i bruk**. Bruk søknadskjema [«søknad om utbetaling av tilsagt lån/tilskot» - HB 7.S.06 \(N\)](#). Utbetalinga føreset at vi har motteke underteikna vedtak med aksept av vilkåra frå ordførar eller annan person som har myndigheit til dette.

Frist for å returnere vedtaket, med aksept av vilkåra for tilskotet, er **innan fire veker** frå den datoen de mottok brevet.

### **Mogelegheit til å klage**

Det er mogeleg å klage på Husbankens vedtak. Klagen skal vere skriftleg, og må sendast til Husbanken innan tre veker frå den datoen de tok imot vedtaket. De har rett til å sjå dokumenta i saka.

**Aktuelt regelverk for dette vedtaket**

- forskrift om tilskot til utleigebustader frå Husbanken
- retningslinjer om tilskot til utleigebustader frå Husbanken (HB 8.B.22)
- husbanklova § 6
- forskrift for klagenemnd for Husbanken
- forvaltningslova §§ 29-34 og 18
- bevilgningsreglementet §10

Ta gjerne kontakt med Husbankens saksbehandlar dersom noko er uklart. Hugs å merke all korrespondanse til oss med referansenummeret de finn øvst i brevet.

Helsing  
HUSBANKEN



Siri Erdal,  
Avdelingsdirektør



Torkell Håland Pettersen



## Tildeling av tiskot til utleigebustader til Mjåtveittunet, gnr. 22, bnr. 246, leilighetsnr. 165-2.

### Aksept av vilkår

Meland kommune aksepterer med dette dei vilkåra som er beskriver i vedtaket om tildeling av tilskot datert 23.05.2017. I tillegg til underskrift skal alle sidene paraferast, og **heile vedtaket skal returnerast.**

- Tilskot skal utbetalast til konto:

---

---

Stad/dato

(Underskrift av ordførar og stempel)

(Navn i signatur i blokkbokstavar)

**Frist:** Alle sidene av vedtaket med signert aksept av vilkåra returnerast **innan fire veker** etter at vedtaket er motteken.

**Adresse:** Husbanken  
Postboks 1404  
8002 Bodø